

**Fra:** Anne Lise Molvik  
**Sendt:** onsdag 23. juni 2021 16:25  
**Til:** jostein@eldoey.no  
**Emne:** Behov for endring av gitt løyve til oppretting av ny grunneigedom – gbnr 326/82 Sundet  
**Vedlegg:** Løyve til oppretting av ny grunneigedom - gbnr 32682 Sundet.pdf; Situasjonsplan.pdf; søknad om deling - gbnr 326-82.pdf  
**FileMailEnforce:** 0

Til Litlebergen båtforening ved Jostein Eldøy

Eg viser til samtale i dag om frådellinga av naustparsell frå gbnr 326/82.

Kommunen gav i administrativt vedtak datert 15.04.2021 løyve til oppretting av ny grunneigedom med påståande naust frå gbnr 326/82 med storleik på om lag 80 m<sup>2</sup> i samsvar med søknad. Ved gjennomført oppmålingsforretning ser ein at parsellen som vist på situasjonsplanen ikkje samsvarar med det oppgitte arealet i søknaden. Situasjonsplanen viser eit areal på om lag 150 m<sup>2</sup>. Vi forstår at det er arealet som er vist på situasjonsplanen som skal delast frå.

Avviket mellom gitt løyve til frådelling og situasjonsplan har ein slik storleik at vedtaket må endrast før oppmålingsforretninga kan ferdigstillast. Dersom avviket skuldast feil utfyllinga av skjema og det er arealet som vist på situasjonsplanen som skal delast frå, kan dette rettast ved å senda inn revidert søknadsskjema der arealet vert korrigert i samsvar med arealet som er vist i situasjonsplanen. Du kan retta arealet på tidlegare innsend søknadsskjema som vi har lagt ved denne e-posten, og signera skjema på ny. Revidert skjema og kart sender du så tilbake til meg for registrering i kommunen sitt post-/arkivsystem. Kommunen vil så fatta korrigert vedtak.

**Med helsing**

**Anne Lise Molvik** | Rådgjevar byggesak

Telefon: +47 56 37 56 40

Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

[www.alver.kommune.no/](http://www.alver.kommune.no/) epost: [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)



**ALVER**  
KOMMUNE

